Styret sine medlemmer har vore Magni Hjertenes Flyum (styreleiar og oppnemnt av NU) med vara Torbjørn Lauen, Belinda Braza (oppnemnt av DNT), med vara Hedda Rønneberg og Vilde Elise Forfang (oppnemnt av BUL), med vara Anne Cathrine Johansen, Tone Ingvaldsen (uavhengig), vara Lene Storhaug, og Jon Werede Hope (oppnemnt av dei tilsette), med vara Shwan Wahed.

DMS har ei 50 % fordeling mellom kjønn blant tilsette/engasjerte og stor bredde når det gjeld kunstnarleg og kulturell bakgrunn.

Oslo, april 2025

Magni Hjertenes Flyum (Styreleiar), Vilde Elise Forfang, Belinda Braza, Tone Ingvaldsen og Jon Werede Hope



KURSER 2024

KURSTILBOD I SKULAR

Den einaste staden ein møter alle barn er på skulane, og DMS har hatt samarbeid med fleire skular i Oslo sidan oppstarten og eit hovudsamarbeid med Møllergata skule kor vi held fram med kurstilbod. I tillegg innleia vi samarbeid med Furuset skule om eit nytt kurstilbod frå 2024. DMS var òg sterkt involvert i oppbygging av ein revytradisjon på Ulstrup VGS.

I 2019 blei vi invitert til eit svært tydingsfullt samarbeid med Den Kulturelle Skulesekken(DKS) i Oslo, og gjennom dette har vi fått opp kurs og produksjonar som når mange 1000 elevar. Våre DKS produksjonar har også spilt i andre deler av landet, i 2024 særleg på vestlandet.

Gjennom samarbeidet med skulane og DKS får dei unge tilbod om korte kurs eller lengre kurs.

Dei korte har varigheit på 1- 5 timar. Dette skjer i skuletid på skuler eller i Nynorskens hus.

Dei lengre kursa går over 20-70 timar, gjerne fordelt over fleire månadar der dei unge møter pedagogar og kunstnarar frå DMS 1-2 gonger per veke. Kursa finn stad i skuletid eller i aktivitetsskuletid. Prøvestad er på skulane, men dei unge er på framsyningar og regelmessige besøk i Nynorskens hus og på Det Norske Teatret. Kursa ender i små visningar eller større framsyningar.

Aktiviteten på skulane er plattform for rekruttering til grupper som øver på fritida i Nynorskens hus.

I 2024 har vi hatt eit stort tilbod med kortare kurs, særleg gjennom produksjonane, «Ein dag i Nynorskens hus», «Pinocchio», «Vi er alle på veg heim» og Ulstrup-revyen.

Gruppe 20: Furuset skule

Alder: 9-10 år

Prøvestad: Furuset skule

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik og å lytte og å vere i dialog, fysiske uttrykk/rørsle og å leite fram til eigne uttrykk med utgangspunkt i nynorsk litteratur. I tillegg har vi under utvikling eit konsept

Kurs: vår

Instruktørar: Vemund Danielsen, Emil Rodrigo Jørgensen, studentar frå OsloMet

Gruppe 21: Møllergata skule

Alder: 9-10 år og familiane

Prøvestad: Møllergata skule og i Nynorskens hus/familiekoret.

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: samspel, kreativt arbeid,

improvisasjon, leik og å lytte og å vere i dialog, fysiske uttrykk / rørsle og å leite fram til eigne uttrykk med utgangspunkt i nynorsk litteratur. I Familiecoret/Møllaklang deltek både tilsette, barn og familiane deira. Møllergata-barn var også med å teikne hundar til Fosse-løypa.

Kurs: vår og haust

Instruktørar: Vemund Danielsen, Emil Rodrigo Jørgensen, Shwan Wahed, studentar frå OsloMet

Framsyningar: Nynorskens hus, Møllergata skule og Kristparken.

Gruppe 22: Ulstrup vidaregåande skule

Alder 16-18

Prøvestad: Ulstrup VGS

Kunstnarleg: samspel, kreativt arbeid, tekstutvikling, rørsle, scenografi, produksjonsarbeid

Instruktørar: Jon Werede Hope

Framsyningar: Ulstrup VGS, mars 2024

K U R S 2 0 2 4

6.

KURSTILBOD I FRITIDA

2024 har vi hatt varierte tilbod og variasjonar av kurstillbod som strekk seg i både aldersspenn og innhald. Stikkord for kurstillboda sitt innhald er mellom anna samspel, musikk, kunstnarleg/pedagogisk arbeid, dokkespel, danse-teater, poesi, forteljing, tekstutvikling, tekstforståing, tekstformidling, møter med publikum, m.m.

Vi har hatt følgjande tilbod til i fritida:

GRUPPE 1 PINOCCHIO

Alder: 10–14 år

Prøvestad: Nynorskens hus

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, tekstutvikling, tekstforståing/tekstformidling, scenisk handling, produksjon. Utvikle framsyninga *Pinocchio* som skal bli vist for 900 ó. klassingar vinteren 2024 og øvd inn for gjenopptaking hausten 24. (Sjå omtale «Produksjonar».)

Instruktør: Erlend Samnøen, Gaute Storsve, Kjersti Alm Eriksen, Jon

Werede Hope, Emil Rodrigo Jørgensen, Justina Brazaitte

Framsying: Nynorskens hus, Februar 2024.

GRUPPE 2 EIN DAG I NYNORSKENS HUS

Alder: 20–30 år

Prøvestad: Nynorskens hus

Kunstnarleg arbeid: Utvikling av framsyninga *Ein dag i Nynorskens hus*. (Sjå omtale «Produksjonar».)

Instruktør: Liv Hege Skagestad

Framsyingar: Nynorskens hus, januar 2024.



Øvst: Klare for tilbagemelding etter prøveframsying av *Pinocchio*.

Nedst: Kund Knudsen lærar ó. klassingar om riksmål og landsmål.



KURSER 2024

GRUPE 3 VI ER ALLE PÅ VEG HEIM

Alder: 14-19 år
Prøvestad: på skulene
Kunstarleg arbeid: Uvikle evne til lytte, fortelje, skrive, framføre. (Sjå omtale «Produksjonar».)
Instruktør: Jeaninne Masika Harraysson og Shwan Wahed
Framsying: På skulene oktober og november 2024

GRUPE 4: USYNLEG GLEDE

Alder 0-85 år
Prøvestad: Melahuset
Kunstarleg/pedagogisk arbeid: Folk møtast for å fortelje. Ord blir til musikk og scener.
Instruktør: Shwan Wahed
Framsying: 1-2 gongar kvar månad på Melahuset

GRUPE 5: FRISØRSALONGEN

Alder 0-85 år
Prøvestad: Melahuset
Kunstarleg/pedagogisk arbeid: Folk møtast for å fortelje. Ord blir til musikk og scener.
Instruktør: Shwan Wahed
Framsying: 1 gong per veke i frisørsalongen

GRUPE 6: PARABOLA

Alder: 15-25 år
Prøvestad: Nynorskens hus og Edvard Munch VGS
Kunstarleg/pedagogisk arbeid: Verkstader og produksjonsretta arbeid, rørsle, fysisk arbeid på scenen og dans.
Instruktør: Edwin Cabascango
Framsyingar: Mendelsson på 123 i Nynorskens hus, november 2024



Dansar frå Parabola under Mendelssohn På123.

K U R S 2 0 2 4

8.

GRUPPE 7: MÅNDAGSGRUPPA

Alder: 16-28 år

Prøvestad: Nynorskens hus

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, lytte og å vere i dialog, fysiske uttrykk/rørsle, arbeid med utvikling av tekst, framføring av tekst. Hovudvekt på arbeid med å leite fram til eigne uttrykk, tekstutvikling og diktfremstilling.

Instruktørar: Shwan Wahed

Framsyingar: Nynorskens hus november 2024

GRUPPE 8: JEANNINE PRODUKSJONAR

Alder 17-28 år

Prøvestad: Nynorskens hus, Siggerudveien

Kunstnarleg arbeid: Jeaninne har leia samarbeid med Sigrid Felde og Uno Alexander Vesje i utvikling av tekst og musikk.

Framsyingar: Siggerudveien og Nynorskens hus april og september

GRUPPE 9: SARAH CAMILLE

Alder 10-28 år

Prøvestad: I skuler og kulturhus

Kunstnarleg arbeid: Sarah har formidla produksjonen *Er det sånn det er*, gjennomført forteleværkstader, framsyingar, og halde skriveverkstad.

Er i ferd med å utvikle bokversjon av produksjonen.

Framsyingar: I skuler og kulturhus kvar måned

GRUPPE 10: ER MIKROFONEN MIN PÅ

Alder 16-18 år

Prøvestad: Rommen scene

Kunstnarleg arbeid: Gjenopptaking av produksjon.

Instruktørar: Alva Kaisa Odden Langedak og Jon Werede Hope

Framsyingar: Valdsløkka scene og Det Norske Teatret mars-mai



Måndagsgruppa under Den Mangfaldige Festivalen

K U R S 2 0 2 4

GRUPE 11: NORDLEGE FOLK

Alder: 19-29 år

Prøvestad: Nynorskens hus

Kunstnarleg arbeid: Utvikling av tekstar med sikte på framtidig bok og produksjon. Ei kreativ og skapande plattform for unge kommande kunstnarar. Kunstnarlege møter som held høgt kunstnarisk nivå, som varetar tradisjonar og identitet frå landsdelen. Prosjektet skal bidra til å løfte, inspirere og vareta god scenisk formidling og forteljartradisjon. Dette med mål om å skape ei levende kunstnarisk plattform med stadig nye former og forteljingar. Kunstnarleg rådgjevar og instruktør: Jane Kelly

GRUPE 12: INNSLAG PÅ LITTERATURKVELDAR

Alder: 15-24 år

Prøvestad: Nynorskens hus

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, kreativt arbeid, skodespelarteknikk og arbeid med karakter og scenisk handling, tekstforståing og formidling/dialog/monolog, dans og rørslе, song og ulike teaterformer (forteljing og song, skuggespel, danse-teater, dukkespel, realistisk teater). Arrangement i regi av *Ibsen museet, Samlaget/Samlagsrota* med tekst frå Ny amerikansk poesi, og utdrag av tekst frå *Jon Fosse/hundeløypa*, Sarah Camille. Samarbeid med Hordalaget og Hordaringen om *Jon Fosse/hundeløypa*, Oslo mällag om *Kjartan Fløgstad-kveld*. Hovudsatsingar *Haldis Moren Vesaas-* og *Jakob Sande-kveld* som nådde eit stort publikum og fekk gode tilbakemeldingar. Instruktørar: Jon Werede Hope, Shwan Wahed, Maria Ellingsen Austbø, Liv Hege Skagestad

GRUPE 13: TORSHOVDALEN

Alder: 10-14 år

Prøvestad: Torshovdalen aktivitetshus


Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, lytte og å vere i dialog, fysiske uttrykk/rørslе, arbeid med utvikling av tekst, framføring av tekst. Hovudvekt på arbeid med å leite fram til egne uttrykk, tekstutvikling og diktformidling.

Instruktørar: Shwan Wahed

Framsyingar: Torshovdalen aktivitetshus november 2024



Melina Karantonis les Jon Fosse under hundeløypa med Shwan.





K U R S 2 0 2 4

10.

GRUPE 14: REBELL

Alder: 10-14 år

Prøvestad: Rommen scene i samarbeid med Det Norske Teatret
Kunstarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, lytte og å vere i dialog, fysiske uttrykk/rørsle, arbeid med utvikling av tekst, framføring av tekst. Hovudvekt på arbeid med å leite fram til eigne uttrykk, tekstutvikling og diktformidling.

Instruktør: Shwan Wahed

Framsyingar: Rommen scene juni og desember

GRUPE 15: FJALERTETER. FORTELJING OG

POESI

Alder: 15-20 år

Prøvestad: Oslo, Fjaler. Samarbeid med Jakob Sande-senter for forteljekunst

Kunstarleg arbeid: Utvikle sin stemme gjennom poesi og forteljing.

Instruktør: Kjetil Solberg Stavenes, Shwan Wahed

GRUPE 16: SHAKESPEARE/EIN

MIDTSOMMARNATTSDRAUM

Alder: 10-14 år


Prøvestad: Nynorskens hus

Kunstarleg/pedagogisk arbeid: Utvikle framsyninga *Ein midtsommarnattsdraum*, tekst Halldis Moren Vesaas. Samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik og å lytte og vere i dialog, fysiske uttrykk/rørsle og å leite fram til eigne uttrykk og skape tekstar.

Kurs: vår og haust

Instruktørar: Justina Brazaitė, Emil Rodrigo Jørgensen

Framsying: Nynorskens hus i oktober under *Halldis Moren Vesaas-kveld* og i november under *på123-festivalen*



Rebellar på Rommen scene.

KURSER 2024

GRUPPE 17: ER DET Plass TIL MEG

Alder: 11-20 år

Prøvestad: X-Ray

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, trygg leik, å uttrykke seg, rørsle, ord, tone.

Dei er ein gruppe med barn og unge som har autisme. Gjennom teaterarbeidet har ungdom funne fram til sitt uttrykk. Dei har jobba med oppsetting av *Little blackfish*.

Instruktør: Shwan Wahed

Framsyingar: Sentralen juni og Nynorskens hus november 2024

GRUPPE 18: TEATER PÅ RØDE KORS

Alder: 6-20 år

Prøvestad: Stovner familiesenter

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Samspel, kreativt arbeid, improvisasjon, leik, evne til å lytte og å vere i dialog, gruppearbeid og dynamikk, utvikling av språket, leite fram til eigne uttrykk.

Kurs: Vår 2024

Instruktør: Shwan Wahed

GRUPPE 19: MAGISKE FINGRE OG INDISK DANS

Alder: 7-80 år

Prøvestad: Nynorskens hus og Groruddalen

Kunstnarleg/pedagogisk arbeid: Utvikling av produksjon i skjæringsflata mellom forteljing, dans, scenografi, smak, lukt i eit indisk/norsk miljø på tvers av generasjonar. Lavleen Kaur har i tillegg vore koreograf for jenter (10-15 år) frå Ellingsrud og andre stadar i Groruddalen.

Kurs: våren 2024

Instruktør: Lavleen Kaur

Framsying: Nynorskens hus juni 2024 og flere indiske scener




På øving med Er det plass til meg-gruppa.

01.

VI ER ALLE PÅ VEG HEIM

I samarbeid og med støtte frå DMS og Den Kulturelle Skulesekken har Jeaninne Masika Harrysson og Shwan Wahed utvikla produksjonen *Vi er alle på veg heim*. Gjennom 90 minutt lyttar ungdomen til musikk og poesi, dei får oppgåver, skriv eigne tekstar inn i diktsamlinga til Jeaninne og framfører til slutt ei forteljing samansett av tekstar og musikk. Produksjonen har fått svært gode tilbakemeldingar, og er spelt for fleire 1000 ungdom.

Framsyingar: Skuler på Vestlandet oktober og november 2024



Ungdom på Vestlandet held opp Jeaninne sin diktsamling *Alt godt som enno ventar*.

PRODUKSJONAR




Å VAKSE OPP I SANDSLOTT OG KOR ER LYKKE

Jeaninne Masika Harrysson har saman med harpist Uno Alexander Vesje utvikla ei framsyning som leiter etter språk og uttrykk for å kunne snakke om det å vere utsett for overgrep. Framsyninga fann stea i oransjeriet i Siggerudveien med inviterte gjester, og er grunnlag for vidareutvikling.

Kor er Lykke er barneforteljinga om *Å vakse opp i eit sandslott*.

Framsyning: Siggerudveien september 2024



Jeaninne Masika Harrysson.

PRODUKSJONAR^{13.}



Oppvarming før Er det plass til meg spelar under Den Mangfoldige Festivalen.

DEN MANGFALDIGE FESTIVALEN

Festivalen var i 2024 ein intern festival i Teatersalen på Nynorskens hus.

Under festivalen viste gruppene til Shwan Wahed framsyningar for kvarandre.

Festivalleiarar og kunstnarleg ansvarleg: Jon Werede Hope og Shwan Wahed.

Framsyningar: Nynorskens hus november 2024

PRODUKSJONAR

EIN DAG I NYNORSKENS HUS

Produksjonen er laga for Den Kulturelle Skulesekken som Del 1 av *Møt Nynorskens hus*. Det er ei vandreframføring som spelar for 6.-trinn i Osloskolen der dei får møte språkhistoria og ulike sceniske uttrykk. Dette skjer gjennom ei vandring i Nynorskens hus, føreljningar, scener, oppgaver og ved at elevane sjølv står på scenen. Produksjonen har fått svært gode tilbakemeldingar frå elevar, lærarar og Den Kulturelle Skulesekken..

Utøvarar: Jon Werede Hope, Maria Austbø, Mari Elise Haugen, Aila Sinober, Shazhad Gul Kahn, Emil Rodrigo Jørgensen, Camilla Klaudiussen, Marie Longva Danielsen

Regi: Liv Hege Skagestad

Lys og lyd: Jøran Normann

Inspisient: Camilla Klaudiussen/Hermine Heyerdahl Skagestad/Maren Eline Markussen

Scenografi og kostyme: Kjersti Alm Eriksen

Framføringar: Nynorskens hus februar 2024



Ivar Aasen møter biskop Neumann i Bergen i 1841.

PRODUKSJONAR

15.



Adenne og resten av skodespelarane sett søkelyset på dei vaksne i publikum.

ER MIKROFONEN MIN PÅ?

Produksjonssamarbeid mellom Det Norske Teatret/Rommen scene, Den unge scenen og DMS. Framsyninga handlar om klimaspørsmålet, kor ei gruppe ungdommar tek eit oppgjær med tidlegare generasjonar. Framsyningane blei spelt på Det Norske Teatret og Rommen Scene. Med på scenen frå DMS var Adenne Lin-Ji Ezimoah Sætereite, Aksel Olaf Hørnes, Melina Karatonis.

Jon Werede Hope var koreograf.

Framsyningar: Det Norske Teatret/Rommen scene mars, mai, november 2024

PRODUKSJONAR



MENDELSSOHN PÅ 123


I samarbeid med Engedårkvarteret deltok vi på årets *På123 festival* med to produksjonar til musikk av Mendelssohn søskena. To dansarar frå Parabola deltok med ein dans koreografert av Edwin til musikk spelt av Nordberg Strykeorkester. Gruppa til Emil og Justina framførte utdrag frå *Ein Midtsommarnattsdraum*.

Regi: Emil Rodrigo Jørgensen, Justina Brazaitte og Edwin Cabascango

Framsyning: Nynorskens hus november 2024



Shakespeare-gjengen framførte eit utdrag frå *Ein Midtsommarnattsdraum*.



Parabola dansa saman med Nordberg Strykeorkester.

PRODUKSJONAR


ER DET SÅNN DET ER?

Sarah Camille har inspirert av barn og ungdom utvikla songtekstar og forteljingar. Saman med Jane Kelly har ho skapt musikk og arrangement for kor til tekstane. Materialet er blitt eit album, ein produksjon på turné og skal no bli ein bok på Det Norske Samlaget.



Sarah Camille.

PRODUKSJONAR



Pinocchio innser at han har gjort feil.

PINOCCCHIO

Pinocchio er del 2 av Møt Nynorskens hus i perioden 2024-2025 og er laga for Den Kulturelle Skulesekken. Her står 12 unge skodespelarar på scenen med ein humoristisk versjon av historia om tredokka for 6.klassingar i Osloskulen. Med pengar frå Sparebankstiftelsen kunne vi opne framсыningane for eit større publikum kor vi målretta har gått inn for å invitere nye målgrupper til å sjå framсыningane gratis. Dette har bidratt til økt samarbeid med mellom anna Rosenhof vaksenopplæring, Møllergata AKS og Furuset AKS.

Regi: Erlend Samnøen

Regiassistent og inspisient: Justina Brazaitė og Jon Werede Hope

Komposisjon og musikk: Gaute Storsve

Kostyme: Kjersti Alm Eriksen

Lys/lyd: Jøran Normann

Framсыningar: Nynorskens hus februar 2024.

PRODUKSJONAR

19.

MAGISKE FINGRE

Med utgangspunkt i forteljinga med same namn av Lavleen Kaur har vi iscenesett ei framсыning der 3 generasjonar frå det norsk-indiske miljøet står på scenen og gir eit møte mellom dans, musikk, visuelle uttrykk, forteljing, språk og vekster. Framсыninga blei spelt for barnehagebarn som også fekk vere med i ein avsluttande danseverkstad, til gode tilbakemeldingar. Til denne framсыninga fekk vi tildelt grøne midlar frå Bydel St. Hanshaugen som gjorde at vi kunne spele gratisframсыningar for barn i bydelen. Vi brukte difor høvet til å utvide vår publikumsrets og invitere inn barnehagar frå Bydel St. Hanshaugen som no gler seg til neste framсыning på Nynorskens hus.

Tekst: Lavleen Kaur

Regi: Lavleen Kaur i samarbeid med Jane Kelly

Utførarar: Alina Kaur, Surjit Singh, Jagdish Kaur, Ada Kelly Hotvedt

Teknikk: Jøran Norman, Veslemøy Aalde Heyerdahl, Hermine

Heyerdahl Skagestad.

Framсыningar: Nynorskens hus juni 24



Venninnene Nina og Nena.

PRODUKSJONAR



ULSRUDREVYEN

Ulsrud VGS har ikkje tidlegare hatt skulerevy og sit ikkje med økonomi og tradisjonar slik andre skuler i Oslo gjer. Leiting på skulen og elevar ønskja å skape ein tradisjon som kan vere med å styrke miljøet på skulen, og DMS blei invitert med for å ha regi og sikre tilstrekkeleg teknikk. Produksjonen var svært vellukka. Involverte frå DMS: Jon Werede Hope (regi) og Jøran Norman (teknikk)
Framsyingar Ulsrud skule mars-april 2024



Danse-battle under Ulsrudrevyen.

PRODUKSJONAR

21.



UNFINISHED TALES

Dette nordiske prosjektet initiert av Camara Lundestad Joof i 2020, og kor fleire unge frå DMS har vore med, hadde i november gjestespel i Nynorskens hus. Gjennom bilete, tekst, rørsle, smak, lukt utforskar unge kva det vil si å fortelje ei historie om å vere kolonisert.

Framsying: Nynorskens hus november 2024



Det å bli kolonisert blir utforska med mellom anna rørsler og kaffe.

PRODUKSJONAR

STIPEND OG MENTORVERKSEMD:

DMS bidrar med ressursar slik at unge utøvarar kan utvikle sin kunstnarskap. I 2024 har dette skjedd gjennom oppdrag på ulike litterære arrangement der unge utøvarar har framført lyrikk. Vi hadde også 5 elevar som fekk undersøkje DMS sin historie på OD-dagen. Under jubileet til Døgnfluer bidro DMS med lokalar og teknisk til *Noe stort laget på 24 timer.*

I 2024 har DMS gitt praksislass for 4 PPU-studentar i Drama, kommunikasjon og teater. Desse fekk ansvar for fire av DMS sine grupper i praksisperioden, i tillegg til å få eit innblikk i den daglege drifta av organisasjonen.



PPU-studentar frå Oslo Met gjr tilbakemelding til elevar frå Møllergata skule.

SKREDDARSYDD
INDIVIDUELL
UTVIKLING

FELLESKAP OG KOMPETANSE- UTVEKSLING

DMS har lagt vekt på skape flere fellesarenaer for tilsette og engasjerte i DMS. Målet er kompetanseutvikling og å styrke organisasjonen.

DMS har også bidrege med rådgjeving, kunstnarlege innslag og innlegg på følgjande:

- Konserthuset – konsert fortelling
- Samarbeid med Det Norske Teatret om styrka tilbod til unge i Groruddalen
- Deltaking i utvikling av senter for forteljekunst på Vestlandet
- Deltaking i seminar om Norsk barnesonglitteratur
- Deltaking i ulike arrangement på Deichman
- Dialog med C:ntact teater København
- Deltaking i studiet Munnleg fortelling og PPU i Drama og teater, kommunikasjon på OsloMet
- Miniøya med Lavleen Kaur



Omvisning i Nynorskens hus og Teatersalen med C:ntact.

FELLESKAP OG KOMPETANSE- UTVEKSLING

NÆRARE OM SAMARBEID MED

ROMMEN SCENE/DET NORSKE TEATRET

DMS ønskjer å bidra til å utvide tilbodet til unge i Groruddalen, og som del av dette har vi samarbeida med Det Norske Teatret om satsinga *Rebell, eit scenekunsttilbod retta mot barn og ungdom, og framsyninga Er mikrofonen min på?*.

NÆRARE OM SAMARBEID MED JAKOB SANDE-SENTER FOR FORTELJEKUNST

I samarbeid med JSS etablerte vi i 2020 eit barne- og ungdomsforeteljeteater i Dale, med hovudscene i ungdomshuset Trudvang. Ungdomshuset er no under full restaurering, mellom anna som følgje av den auka verksemda med barn og unge.

DMS har sidan 2019 vore viktige bidragsytarar i utviklinga av Sandesenteret, og samarbeidet held fram.



Øvst: Shwan instruerar rebellar på Rommen Scene.

Nedst: Applaus etter ein suksessfull *Jakob Sande-kveld* på Nynorskens hus.

PRISAR

2011

HULDAPRISEN

Liv Hege Skågestad fekk Huldaprisen for arbeidet med DMS.

2016

PUBLIKUMSPRISEN

DMS fekk saman med Det Norske Teatret publikumsprisen av Norsk publikumsutvikling.

2020

OSLO BYS KULTURPRIS

DMS ved Camara Joof og Liv Hege Skågestad fekk Oslo byes kulturpris.

2022

ORPHAN JOY FOUNDATION IN NOWAY

DMS ved Shwan Wahed fekk pris for arbeid med unge av Orphan Joy Foundation in Norway.

2020

SPELEMANNSPRISEN

Sarah Camille mottok Spelemannsprisen for albumet *Spor av dråper og røde nebb*.

2022

HEDDAPRISEN

Camara Lundestad Joof mottok Heddaprisen for Beste scenetekst med *De må føde oss eller pule oss for å elske oss*.

2025

LOS ANGELES FILM AWARDS OG INDEPENDENT SHORTS AWARDS

Lavleen Kaur mottok prisen Best supporting actress for filmen *The acting coach*.



Shwan Wahed mottar pris av Orphan Joy Foundation in Norway.

TILSETTE OG ENGASJERTE

FØLGJANDE HAR VORE TILSETT OG ENGASJERT I DMS I 2024:

Instruktører, lærarar, kunstnarar og rådgjevarar: Jon Werede Hope, Sarah Camille, Shwan Wahed, Lavleen Kaur, Kjetil Solberg Stavenes, Liv Hege Skagestad, Aila Sinober, Maria Ellingsen Austbø, Mari Elise Haugen, Shazad Khan Gul, Jane Kelly, Edwin Cabascango, Jeaninne Masika Harrysson, Camilla Klaudiussen, Emil Rodrigo Jørgensen, Justina Brazaitte, Gaute Storsve, Vemund Danielsen, Tomas Harrysson, Tove Bakke, Adenne Lin-Ji Ezimoah Sæterete, Aksel Olaf Hørnes, Melina Karatonis, Ada Kelly Hotvedt, Alina Kaur, Surjit Singh, Jagdish Kaur, Kjersti Alm Eriksen, Veslemøy Aalde Heyerdahl, Hermine Heyerdahl Skagestad og Jøran Normann.

Olav Kårevik er rekneskapstørrar, Maren Eline Markussen organisasjonsmedarbeidar og Liv Hege Skagestad dagleg leiar.



Gruppebilete av gjengen bak "Magiske Fingre".



TAL DELTAKARAR, PRODUKSJONAR OG PUBLIKUM


Gruppe/prosjekt	Tal framsyningar	Tal unge med lenger kurs	Tal unge med korte kurs	Publikum
Framsyingar i samarbeid med Den kulturelle skulessekken				
Gruppe 1 Pinocchio	20	12		1500
Gruppe 2 Ein dag i Nynorskens hus	30	9		900
Gruppe 3 Vi er alle på veg heim	90	1	3000	3000
Ungdom 18+ år				
Gruppe 4 Usynlig glede	12	15		300
Gruppe 5 Friser	52	10		200
Gruppe 6 Parabola	3	15		150
Gruppe 7 Måndagsgruppa	1	8		20
Gruppe 8 Jeannine produksjoner	7	3		1000
Gruppe 9 Sarah Camille	5	15		600
Ungdom 13-20 år				
Gruppe 22 Ulsrudrevyen	4	15		800
Gruppe 10 Er mikrofonen min på	4	8		200
Gruppe 11 Nordlige folk		12		
Gruppe 12 Lyrisk og musikk				
Kjartan Fløgstad-kveld		12		
Jubileum Hardinglaget/Fosse	1	8		350
Haldis Moren Vesaas-kveld	1	5		250
Hundeløype Jon Fosse	1	25		100
Jakob Sande-kveld	1	6		330
Utslag på litteraturkveld, Samlagsrota	2	5		11
Barn/ungdom 10-14 år				
Gruppe 13 Torshovdalen	1	12		25
Gruppe 14 Rebell	2	35		60
Gruppe 15 Fjellteater				
Gruppe 16 Shakespeare (på123)	2	8		250
Gruppe 17 Er det plass til meg	5	36		270
Gruppe 18 Teater på høde kors - Shwan Wahed			30	
Barn 6-11 år				
Gruppe 19 Magiske Fingre	4	2		300
Gruppe 20 Funuset skule		60		
Gruppe 21 Møllergata skule	4	30	40	400
Den Mangfaldige Scenen Festivaler				
Novemberfestivalen	3			200
På123 (gruppe 6 og 16)				
Andre				
BUL 125 år (Shwan Wahed)	3			150
Unfinished Tales	1	2		20
Syriske kulturförening Akershus	1	12		50
Deftaking i Høgskulen Vestlandet innlegg	1	2		50
Contact				8
Norad	1	1		200
Forteljekunstakademi, kurs og framsyning	5	2		200
Deichman Bjørnvika	5	2		200
TOTALT	248	389	3970	12473




ÅRSRAPPORT 2024




Tre av 12473 publikumarar klare for framsyning på Nynorskens hus.

 WWW.MANGFALDIGE.NO

 POST@MANGFALDIGE.NO

 [DENMANGFALDIGESCENEN](https://www.instagram.com/DENMANGFALDIGESCENEN)

 [DEN MANGFALDIGE SCENEN](https://www.facebook.com/DENMANGFALDIGESCENEN)

**DEN
MANGFALDIGE
SCENEN
BARNE- OG UNGDOMSTEATER**

Rosenkrantz' gate 8,
0159 Oslo

ORGNR. 912583813